

TA 2020/16 THOMAS ANGELLS HUS, BISPEGATA 4

Arkeologisk overvaking og etterkontroll i samband med graving for oppgradering av gardsrommet i Thomas Angells hus, Bispegata 4, Trondheim kommune, Trøndelag

Tidemansen, Kjersti





Tittel TA 2020/16 Thomas Angells HUs, Bispegata 4 Arkeologisk overvaking og etterkontroll i samband med graving for oppgradering av gardsrommet i Thomas Angells hus, Bispegata 4, Trondheim kommune, Trøndelag	Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 44/2022	Publiseringstdato 30.05.2022
	Prosjektnummer 1021843	Oppdragstidspunkt 28.07.-31.08.2020
Forsidebilde Utsikt mot sørøstlig del av gardsrommet i Thomas Angells hus. Kistemur og murrest. Foto: Da63992_024		
Forfatter(e) Tidemansen, Kjersti	Sider 42	Tilgjengelighet Åpen
	Avdeling Arkeologi	

Prosjektleder Kjersti Tidemansen
Prosjektmedarbeider(e) Synne Husby Rostad
Kvalitetssikrer Ann Kathrin Jantsch

Oppdragsgiver(e) Thomas Angells Stiftelser

Sammendrag I samband med oppgradering av gardsrommet i Thomas Angells hus i Bispegata 4 var det utført gravearbeid under arkeologisk overvaking og etterkontroll. Store delar av gardsrommet vart grave opp ned til 0,4 meter djupne. Gravinga gjekk for seg i moderne, etterreformatoriske og forstyrra massar. Ein kistemur og ein murrest frå mellomalder vart dokumentert for første gong sidan 1902. Ein tidlegare ukjend mellomaldersk mur vart også dokumentert, inkludert 14C-datering av kalkmørtelen. Murane kan knyttast til dominikanarklosteret som var i dette området i mellomalderen. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturlag i tiltaksområdet, men etterreformatoriske kulturlag og strukturar.

Emneord Mellomalderby, Trondheim, Bispegata 4, Thomas Angells hus, gardsrom, kistemur, kloster, klostermur, dominikanarkloster, mur, kulturlag, etterreformatorisk, førreformatorisk, skjelett, kalkmørtel, C14
--

Avdelingsleder

Lise-Marie Bye Johansen

Innholdsfortegnelse

1	Innleiing	6
2	Tiltaket sitt omfang	6
3	Historikk og problemstillingar.....	8
3.1	Problemstillingar	10
4	Metode og gjennomføring.....	11
5	Resultat.....	11
5.1	Intrasis-id'ar	12
5.2	Mellomaldersk murverk	13
5.2.1	Murverket i søraustre del av gardsrommet.....	13
5.2.2	Murverk i midtre-nordvestre del av gardsrommet.....	17
5.3	Konsentrasjonar av bygningsteinar	21
5.4	Disartikulerte skeletdelar	23
5.5	Gjenstandsfunn.....	25
5.6	Efterreformatoriske kulturlag og strukturar	26
5.6.1	Vestre del av tiltaksområdet (id. 5488)	26
5.6.2	Austre del av tiltaksområdet (id. 5359)	27
6	Oppsummering og konklusjon	28
7	Litteratur.....	30
8	Dokumentasjon.....	31
8.1	Fotoliste	31
8.2	Funnliste	33
8.3	Tilvekstkatalog	37
8.4	Dateringsrapport	38

1 Innleiing


Karl Knudsen AS søkte på vegner av Thomas Angells Stiftelser Riksantikvaren om dispensasjon fra Lov om kulturminne av 9. juni 1978 (kml) for graving i samband med oppgradering av gardsrommet på eideomen Thomas Angell sitt hus i Bispegata 4, Trondheim kommune. Riksantikvaren mottok søknad datert 21.04.2020. NIKU Distriktskontor Trondheim mottok oppmoding frå Riksantikvaren 12.05.2020 (RA ref. 20/03955-4) om utarbeidning av forslag til prosjektplan og budsjett, i tråd med NIKU si faglege tilråding av 08.05.2020 for det omsøkte tiltaket. Prosjektplan og budsjett var oversendt til Riksantikvaren 02.06.2020. Riksantikvaren fatta vedtak om dispensasjon frå kml 18.05.2020 (RA ref. 20/03955-5).

2 Tiltaket sitt omfang

Tiltaket omfatta gravearbeid i samband med opprusting av hagen i gardsrommet i Thomas Angell sitt hus. Opprustinga innebar terrenginngrep i form av vegrar og plassar som skulle opparbeidast, legging av nytt dekke, etablering av nye buskfelt, plen og planting av stauder og blomelauk. Det skulle også monterast sykkelstativ, plantekassar og tørke/teppebankarstav. Gravearbeidet vart utført ned til 0,4 meter djupne. Karl Knudsen AS ga eit overslag til NIKU på ca. 370 m² som ville bli rørt av tiltaket (sjå figur 1 nedanfor med markering av tiltaksområdet i raudt).



Figur 1: Utsnitt av graveplanen viser tiltaksområdet med raud markering. Utarbeidd av PLAN arkitekter.



Figur 2. Kart over Mellomalderbyen Trondheim med tiltaksområdet i Bispegata 4 avmerka.


3 Historikk og problemstillingar

Tiltaksområdet låg innanfor det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Trondheim id. 90288 (figur 2), og innanfor den automatisk freda kulturminnelokaliteten Dominikanarklosteret id. 85263. Thomas Angell sitt hus vart oppført i 1770-1772. Tomta har vore knytt til plasseringa av Dominikanarklosteret i mellomalderen.

Det første ordenshuset frå Dominikanarordenen i Noreg var oppretta i Nidaros mellom 1228 og 1234. Seinare kom det også i Oslo og Bergen (Hommedal 1987:133). Klosteret i Nidaros er nemnt i Håkon Håkonsson si soge i 1240, i samband med at hertug Skule og sonen søkte tilflukt der under striden med Håkon Håkonsson. Klosteret og prioren er elles nemnt fleire gonger i dei mellomalderske kjeldene, men det er liten kunnskap om sjølv klosterbygningane (Lunde 1977:216-218). Det har ikkje vore påvist sikre spor etter desse, men det er påvist murar og gravleggingar ved fleire høve som kan knyttast til eit klosteranlegg (TA 2009/3 med referansar). Klosteret si plassering blir støtta av den såkalla vektarruta i Nidarosvarianten av Magnus Lagabøte si bylov av 1276. Der blir det skildra at klosteret ligg nord for kongsgarden og skild frå denne av ein almenning (Lunde 1977:216).


Ein teori går ut på at den eldre Peterskyrkja vart innlemma i det nye dominikanarklosteret. Eldre kyrkjer vart gjerne innlemma i dei nye tiggarmunkeordenane. Murverket funne nord for Bispegata 4, i Kjøpmannsgata 8, har vore tolka som leivningar etter ei kyrkja og har vore knytt til Peterskyrkja. Teorien er usikker (Lunde 1977:75-215).

Dei tidlegare påviste murrestane i Thomas Angells hus (sjå figur 3 nedanfor) var delvis grave fram og fjerna i siste halvdel av 1800-talet og i 1902. Murane ga ikkje direkte grunnlag for å seie at dei stammar frå ei kyrkje, sjølv om gravleggingane nær murane tidlegare har vore satt i samband med ei kyrkje. Murrestane kan også forklaraast som leivningar etter klosterbygningars kring ein klostergard med gravleggingar i garden og krossgangen (Lunde 1977:59-79). Gravleggingar er i tillegg påvist i dei nordvestre og sørvestre delane av bygget og gardsrommet, sjå figur 3 og 4 nedanfor (TA 1998/18 med referansar, TA 2009/3 med referansar).



Figur 3: Utsnitt av kart over Bispegata 4 med markeringar av eldre registreringar innanfor eigedomen og i nærområdet. Nummera refererer til eldre registreringar av arkeologiske funn og strukturar i grunnen. Mørk strekmarkering er oppmålte murar i grunnen. Krossar er markeringar av skeleutfunn/graver. Gravleggingar er også funne i sørvest, sjá figur 3 for markering av tiltaksområdet under. Kartet er henta fra NIKU sin rapport 2009/3 (firetalet i kartet er feil), og denne undersøkinga er markert i det nordvestre hjørnet av Thomas Angell sitt hus.

Det er utført ei rekke eldre registreringar i gardsrommet, men lite frå etter 1900. Det var difor svært lite detaljert kunnskap om dei arkeologiske strukturane i grunnen. Dette gjaldt spesielt kunnskap om djupner og utstrekning på kulturlag og strukturar, og nyare inngrep i den austre delen av gardsrommet i Thomas Angell sitt hus, som var aktuelt i det nye tiltaket. Frå midtre og vestre del har arkeologiske overvåkingar dei seinare tiåra gjeve meir oversikt. Til dømes er det i det sørvestre hjørnet av gardsrommet grave ned ein oljetank i 1950. I nordre del av grøfta var det kulturlag ned til ei djupne på 1,8 meter, og under dette kom tre lag med skjelett. Ved utskifting av oljetanken i 1998 var det berre observert forstyrra massar og nokre disartikulerte bein. Det undersøkte området var 8 x 2,7 meter (sjå figur 4 nedanfor) (TA 1998/18).



Figur 4. Utsnitt av kart frå NIKU sin rapport TA 1998/18, som viser ein undersøkt del av gardsrommet i samband med nedgraving av ein oljetank. På området var det påvist kulturlag og tre lag med gravleggingar (skråskravur).

Ved bassenget i midtre mot vestre del av gardsrommet har ein tidlegare observert stratifiserte lag på ei djupne på ca. 0,55 meter i sørleg del av bassengområdet. Laga var moderne, men eldre intakte kulturlag kan ligge under desse. Området ellers kring bassenget bar preg av at terrenget er senka, og at massar er skifta (TA 2003/19).

I det nordvestre hjørnet av Thomas Angell sitt hus (figur 3 ovanfor) er det tidlegare gjennomført ei arkeologisk undersøking på kjellarplan og i grunnen under kjellaren. Undersøkinga påviste ytterlegare gravleggingar og aktivitetsspor på staden datert til vikingtid og tida før klosteret var etablert (TA 2009/3).

Klosteranlegga i mellomalderen generelt hadde i hovudsak ei fast utforming med bygningar plassert slik at dei danna ein firkant (figur 5), med berre mindre variasjonar mellom klosterordenane. Klosterkyrkja var som regel i nord, og gravstaden nord for kyrkja. Leiara i klostra kunne også blir gravlagd i kyrkja, kapittelsalen og i korgangen innanfor klosterfirkanten. Det var møterom, skrivestove og samtalerom i aust (kapittelsal, scriptoriet, parlatoriet). Sovesalen (dormitoriet) kunne ligge i etasjen over desse romma. I sør var det kjøken og matsal (refektorium). I vest budde lekbrørne/systrene, dei som hadde gått i kloster, men ikkje var teke opp munkar/nonner enda (Ekroll 1997:37-38). Frå dominikanarklosteret i Oslo, Olavsklosteret, ser ein også at tilhøvet til eksisterande og nærliggjande bygningar har spelt inn på organiseringa av romma og bygningane i klosterfirkanten. Der låg kyrkja i sør (figur 5) (Hommedal 1987:129-154).




Fig. 5. Døme på klosteranlegg, dominikanarklosteret (Olavsklosteret) i Oslo. Bygningane er organisert i ein firkant kring klosterhagen og klostergangen i midten. I Olavsklosteret var kyrkja i sør, og kyrkjegarden mot aust. Kjøken, matsal og kanskje varmerom og vaskerom mot nord, truleg kapittelsal, bibliotek og skrivestove mot aust. I vest kanskje samtalerom, eit rom som kan ha fungert som våpenhus ved nordinngangen til kyrkja og eit portrom som kan ha vore hovudinngangen til klosteret frå gateløpet i vest. Henta frå Hommedal (1987:129-154), men figuren er her vridd i forhold til originalen for å få nordpila opp. Samanteikning: A.T.Hommedal 1984.

3.1 Problemstillingar

Basert på gjeldande kunnskap for området nemnt ovanfor, og satsingsområda i Riksantikvaren sitt faglege program for mellomalderarkeologi (Johannessen og Eriksson 2015:177-180) vart desse problemstillingane formulert for den arkeologiske overvåkinga og etterkontrollen:

Utbreiling av kulturlag: Kan det påvisast automatisk freda kulturlag i tiltaksområdet, kor stor utstrekning har desse og kor godt er dei bevart?

Sakrale stader – kloster og kyrkjegard: Kan det påvisast strukturar som kan knyttast til eit klosteranlegg, og korleis dette var organisert?

Mellomalderbyen – seinmellomalder og reformasjon: Det omsøkte tiltaket skal foregå på ei djupne på berre inntil 0,4 meter, og det er difor ei mogleghet for at ein vil røre ved yngre aktivitetsfasar på

området. Finst det kulturlag og strukturar frå denne perioden, og kva for aktivitetar kan dette representer?

4 Metode og gjennomføring

Den arkeologiske overvakainga og etterkontrollen av gravearbeidet, og dokumentasjonen av dei arkeologiske forholda var utført 28.07.-31.08.2020. Den arkeologiske undersøkinga foregjekk parallelt med anleggsarbeidet. Prosjektleiar og utgravingsleiar frå NIKU var Kjersti Tidemansen. Audun Berg Selfjord og Philip Wood frå NIKU deltok einkelte dagar, og Chris McLees og Julian Cadamarteri frå NIKU bidrog også. Hovudentreprenør var Søbstad AS, og maskinentreprenør var Jarle Dragsten.

Tiltaksområdet vart grave opp delområde for delområde med gravemaskin. Tiltaksområdet var i hovudsak grave opp i hellelagt/gruslagt gangareal og litt plenareal. Blomebed og hekkar langs med bygningen var ikkje rørt av gravearbeidet.

Tiltaksområdet skulle i utgangspunktet bli arkeologisk undersøkt etter to metodar, overvakaing i den austre delen og etterkontroll i den vestre delen. Skiljet mellom dei to områda var satt omtentleg ved gangvegane (nord og sør for bassenget) si austre avgrensing basert på graden av kjende moderne forstyrningar. Uforutsette funn av mellomalderesk murverk gjorde det likevel nødvendig med meir overvakaing av gravearbeidet enn forventa.

Tiltaksområdet og viktige arkeologiske strukturar og lag var målt inn med CPOS der det var gode nok signalforhold. Det vart i tillegg gjort manuelle innmålingar med utgangspunkt i bygningen der det ikkje var mogleg å få signal til CPOS. Dei høge bygningane forsyrra signala til CPOS, og i gardsrommet i Thomas Angells hus var det spesielt utfordrande i delane av tiltaksområdet nærmast bygningane.

Kulturlag, strukturar og funn vart dokumentert med foto og skildringar. Fire ^{14}C -prøvar vart samla inn frå viktige strukturar, og to av dei har vore sendt til analyse ved Chrono. Resterande prøvematerial blir kassert.

Nokre funn vart samla inn frå dei oppgravde massane. Funna er utan kontekst, men er likevel interessante for å belyse den materielle kulturen på lokaliteten og for ei kunnskapsoppbygging om klosteranlegget. Ei gjenstandsliste er vedlagt i rapporten. Funna har N-nummer N207414.

Ved funn av disartikulerte skelettdelar vart desse mellombels lagra i NIKU sine lokalar, og gjengravlagd i striesekk på funnstaden på slutten av den arkeologiske overvakainga med unntak av det eine funnet som bestod av nokre få bein. Dette vart gjengravlagt utan striesekk. Stadane for gjengravlegging vart målt inn med CPOS.


Murane vart dekt med fiberduk før dei vart grave ned igjen med moderne massar (sand).

Prosjektet er lagt inn i Askeladden med prosjektnummer 488.

5 Resultat

Den arkeologiske overvakainga har resultert i dokumentasjon av tidlegare registrert mellomalderesk murverk søraust i gardsrommet, og mellomalderesk murverk som tidlegare ikkje har vore dokumentert nord i gardsrommet (figur 6). Frå dei mellomalderske murverka vart det teke ut fire prøver til ^{14}C -datering.

På tiltaksområdet ellers er det dokumentert omrota kulturlag, restar av etterreformatoriske strukturar, intakte etterreformatoriske kulturlag og stadvis moderne massar. I dei yngre kulturlaga og omrota massar på området har vi funne hogd kleberstein og grønstein. Det var også funne ein del av ei mogleg gravhelle av kalkstein. Disartikulerte skelettrestar vart funne på to punkt i tiltaksområdet (figur 6).



Figur 6. Kart over tiltaksområdet med innmålte strukturar og kulturlag. Desse er nummerert med Intrasis-id'ar.

5.1 Intrasis-id'ar

Tiltaksområdet, strukturar og kulturlag er innmålt med eigne Intrasis-id'ar (figur 7). Id'ane er avmerka i karta i denne rapporten, og er også referert i teksten der det er relevant. Dokumentasjonen av etterreformatoriske strukturar og kulturlag er foreinkla i forhold til verkelegheita på grunn av tids- og budsjetttrammane i prosjektet.

Struktur/lag	Intrasis-id
Tiltaksområde	5359, 5488
Kistemur i sørøst	5344
Rest av kistemur i sørøst	5301
Mur i nordvest	5417
Gjengravlagte skjelettdeler sørøst i gardsrommet	7379
Gjengravlagte skjelettdeler nordvest i gardsrommet	5459
Etterreformatorisk steinkonsentrasjon/samling	5447
Steinhelle i sørvest	5475
Etterreformatorisk avfallslag i sørvest (med bygningssteinar)	5477
Etterreformatorisk avfallslag	5176
Etterreformatorisk kulturlag	5181
Rest av golv/dekke	5242
Etterreformatorisk kulturlag	5215
Rest av etterreformatorisk bygning	5232
Etterreformatorisk kulturlag	5266
Etterreformatorisk kulturlag	5310
Etterreformatorisk steinkonstruksjon	5352
C-14 prøver	5342, 5343, 5445, 5446

Figur 7. Tabell over Intrasis-id'ar i prosjektet.

5.2 Mellomalderisk murverk

5.2.1 Murverket i søraustre del av gardsrommet

Etter det som var kjend frå tidlegare undersøkingar i Thomas Angells hus var dette murverket dels avdekka og fjerna i 1885, 1896 og 1902 (figur 8) (Lunde 1977:77). I forkant av den arkeologiske overvakainga var det forventa meir intakte kulturlag og eventuelle mindre strukturar i den austre delen av gardsrommet, men det var låge forventningar til at det var bevart murrestar såpass grunt som innanfor tiltaket sitt gravedjupne på 0,4 meter.




Fig. 8. Etter Lunde 1977:77. Plan etter teikningar av W. Bergstrøm og N. Ryjord over murrestar som var avdekka i 1885, 1896 og 1902 i Thomas Angells hus sitt søraustre hjørne. Teikna av Roede, Lunde/Brzozowski.

I dag går det ein låg mur med ein hekk nord-sør over det aust-vest gåande murverket vist på figur 8. Aust for hekken vart det avdekka ein kistemur med delar av ytre og indre vangar bevart. Den er fylt med stein og kalkmørtel. Store, rektangulære steinblokker i kantane mot sør og nordaust. Lengdemål på desse er 88-120 cm. Framgravd høgde på steinane var 10-15 cm. Mot vest manglar steinar i vangane i 79 cm lengde mot sør. Mot nord manglar steinar i vangane i 160 cm lengde.



Figur 9. Kistemuren sett mot sør. Foto: Da63992_23.

Muren er A-V orientert, og forsvinn som nemnt inn under hekk i vest (figur 9). Restar av mellomaldersk murverk fortsett vest for hekken (figur 12). Kistemuren ligg svært tett på den stående bygningen Thomas Angells hus mot aust og sør. Total lengde mellom bygningen og hekken er 2,95 meter, og total lengde på kistemuren er ca. 2,77 meter. Toppen av muren låg ca. 33 cm under overflata. Muren er 1,15 meter brei målt nord-sør i aust. Den er smalare i vest på grunn av manglende steinar i vangane og yngre inngrep (figur 10, 12).




Figur 10. Vestre del av kistemuren sett mot aust. Foto: Da63992_37.

I det eine inngresområdet ca. midt på muren i nordre kant kom det fram toppen av ei stor steinblokk ved oppreinsing. Denne ligg på 20-37 cm under toppen av den framgravde kistemuren, og såg ut til å strekke seg frå den nordre kanten av muren og godt innover mot midten (figur 11).



Figur 11. Det yngre inngresområdet i kistemuren etter oppreinsing sett mot sør. Ei større steinblokk ligg i muren fra den nordre kanten og godt innover mot midten av muren. Foto: Da63992_062.

Det var teke ut to C-14 prøver frå mortelen i muren (prøveid. 5342 og 5343). Desse var teke frå profilen der muren tidlegare er forstyrra med inngrep (figur 11). Profilen vart reinsa grundig opp, og prøvene vart teke ut frå små linser med trekol i mortelen. Den eine prøva vart sendt til datering (prøveid. 5342). Resultatet var dessverre mislykka, da kolet var for skjørt til å tåle forbehandling på laboratoriet (UBA-47205). Ein har da ikkje kome noko nærrare den sannsynlege alderen til muren, men typen murverk, kistemur, er mellomaldersk.



Figur 12. Kart med kistemuren og murrestenen søraust i gardsrommet i Thomas Angells hus.

Vest for den nord-sør gåande muren og hekken kom det fram restar av mellomaldersk murverk (kistemur) også på ca. 0,4 meter djupne under overflata, og i forlenging av kistemuren 5344. Den er også orientert aust-vest (figur 12, 13).



Figur 13. Rest av mellomaldersk kistemur vest for hekken i det søraustre hjørnet av Thomas Angells hus. Vest ved teglsteinsfundamentet er det bevart kalkmørtel. Foto: Da63992_032.

Muren måler ca. 1,5 meter nord-sør i austre del, der den er best bevart. Det ligg dels kraftige steinar i vangane, mot sør ein Stein på 85 cm lengde aust-vest og med tydeleg hogd kant (figur 14). Mot nord måler ein Stein i vangen ca. 52 cm. Murrestane måler totalt ca. 2,5 meter aust-vest.



Figur 14. Kraftig Stein med hogd kant i murrestenen sin søre vang. Foto: Da63992_051.

Mot vest er ein del av kistemuren bevart med kalkmørtel (figur 13). Lengste mål på denne delen nord-sør er 1,15 meter. Breiaste mål aust-vest er 0,6 meter. Ei steinhelle der måler 35 x 50 cm, og kanten mot sør er tydeleg hogd med to innrissa kryss (figur 15).



Figur 15. Steinhelle i murdelen som er bevart med kalkmørtel. Den har hogd kant med to innrissa kryss. Foto: Da63992_049.

Murverket er därlegare bevart enn muren aust for hekken, og i forhold til teikningane av muren i 1885/1896/1902 (figur 8) har det skjedd fleire inngrep i murverket sidan da. Lengst i vest og i forlenging av murrestane er eit moderne teglsteinsfundament. I midtre del av restane av kistemuren ligg eit moderne røyr med enden opp mot aust, og som går ned i grunnen mot vest. I midten av murrestane er det kulturlag, truleg etterreformatorisk og det same som kulturlag 5310. Kulturlaget inneheld dyrebein, glasskår, etterreformatoriske keramikkskår og raud tegl.

Eit platefragment av kalkstein med fossil låg i omrota massar på denne muren (men ikkje som ein del av konstruksjonen). Denne vart teke inn som funn (den vart ikkje målt inn med eige nummer, men kan relaterast til murresten sin id. 5301). Stein typen er bestemt av Øystein Ekroll ved Nidarosdomens restaureringsarbeider, og fragmentet kan stamme frå ei gravhelle.

5.2.2 Murverk i midtre-nordvestre del av gardsrommet

Nord i gardsrommet vart det avdekka ein mur som tidlegare ikkje har vore dokumentert (figur 16, 21). Her hadde ein, basert på kunnskap om tidlegare forstyrringar og inngrep i grunnen i vestre del av gardsrommet, vurdert at potensialet for funn av automatisk freda kulturlag eller strukturar var svært lite. I utgangspunktet skulle gravearbeidet i dette området difor ikkje overvakast, men etterkontrollerast etter at gravinga var utført. Da muren dukka opp vart det nødvendig med overvakning av gravearbeidet.

Muren av stein og kalkmørtel kom fram 30-34 cm under toppen av overflata. Massane over var 15 cm matjord, og 13 cm grusblanda grå sand med mykje stein og rivingsmassar. Det var ein del grønstein i massane.



Figur 16. Muren nordvest i gardsrommet sett mot aust. Den har ein tverrgåande mur i vest. Foto: Da63992_095.

Mørtelen i muren er gulkvit, men ikkje så gul som mørtelen til kistemuren i søraust (id. 5344). Den framstod også som meir hard og kompakt enn mørtelen i søraust.

Muren er ca. 1,1 meter brei, og 6,6 meter lang. Den er orientert aust-vest. På den avdekkja toppen av muren ligg det steinheller (figur 17). Desse er firkanta til uregelmessige i form, og dekte heile murbreidda (figur 16, 17). Ei firkanta helle i vest målte 0,8 x 1 meter. Steinhellene såg ikkje ut til å vere sekundære, dei låg lagvis delvis i mørtel eller kant i kant med felt med mørtel. Muren bestod også av mindre heller/steinar under dei større steinhellene (figur 18).



Figur 17. Døme på steinhelle på toppen av den bevarte muren. Sett mot sør. Foto: Da63992_089.

Steinhellene kan vere lagt som eit avrettningsskift for å stabilisere murverket, og få ei jamn flate til å legge neste skift. Muren under steinhellene er truleg ein kistemur (Regin Meyer, personleg melding).



Figur 18. Steinhellene på toppen såg ut til å ligge i kalkmørtel. På denne delen av muren mangla hella i toppen, og ein ser kistemuren under. Sett mot sør. Foto: Da62992_088.

Muren har ein tverrgåande mur i vest (figur 19, 21), slik at murane dannar eit hjørne. Denne nord-sør gåande muren er 0,8 meter lang og 1 meter brei. Det såg også ut til å vere ein tverrgåande mur i rett vinkel som treffer på den aust-vest gåande murens øvre kant i aust. Grensa til tiltaksområdet stoppa der, så ein fekk ikkje avdekka meir mot sør og aust i denne omgang. Dei nord-sørgåande murane kan vere bevart inn mot det midtre partiet av gardsrommet. Dersom det er tilfellet at murane strekkjer seg sørover, dannar dei eit rom med ei indre breidde på ca. 3,5 meter.



Figur 19. Den tverrgåande muren i vest. Murane danna reit hjørne. Sett mot aust. Foto: Da63992_83.

Den aust-vest gåande muren er også bevart i ca. 1 meter lengde vidare vestover frå vinkelen/hjørnet med den tverrgåande muren, men den er der litt dårlegare bevart. Lengde ca. 1,10 meter (figur 16).


Muren fortsatte vidare ned i grunnen. Total framgravd høgde på muren var ca. 40 cm (målt frå topp Stein). Overflata på den nordre sida av muren såg nærmest pussa ut, med flate heller festa i mørten. På graveområdet nærmest muren låg det kulturlag, som også fortsatte ned i grunnen (figur 20). Kulturlaget i toppen var truleg etterreformatorisk, men det er sannsynlig at eldre kulturlag er bevart lengre ned i grunnen.



Figur 20. Den nordre kanten av muren sett mot sør. Sida av muren framstod pussa, og med steinheller festa i mørten. Kulturlag nærmest muren. Foto: Da63992_097.

I forlenging av muren mot vest var ein steinkonsentrasjon/samling av stein, id. 5447. Det er uvisst om desse har tilhørt sjølv muren. Steinane hadde ei anna form, rundaktige, uregelmessige, tjukkare.

Det var teke ut to prøver frå mørten til ^{14}C -datering, id. 5445 og 5446. Prøvene var teke frå toppen av muren (figur 21), og mørten vart reinsa grundig opp før det vart teke ut massar til prøve. Det var omtrent ikkje synleg trekol i mørten i denne muren, samanlikna med muren id. 5344. Prøve id. 5445 vart sendt til datering, som fekk resultatet 694 ± 26 BP, 1273-1386 cal AD (2 sigma) (UBA-47206). Resultatet er svært interessant, og godt innanfor klosteret si driftsperiode i mellomalderen (sjå under historikk). Framtidige undersøkingar av murverket og fleire dateringar vil korrigere/utfylle kunnskapen om muren sin sannsynlege alder.



Figur 21. Kart over muren i den nordvestre delen av gardsrommet i Thomas Angells hus. Tverrgående murar i aust og vest kan vere bevart sørover frå tiltaksområdet si grense og innunder plenområdet i sør.

5.3 Konsentrasjonar av bygningsteinar

På to stadar i gardsrommet kom ein ned på konsentrasjonar av steinar som er interessante å sjå nærmare på i framtidige arkeologiske undersøkingar (figur 6). Dei kan representere spor eller restar etter steinkonstruksjonar lengre ned i grunnen i gardsrommet. Dei kom fram på gravedjupna til tiltaket i omrota eller etterreformatoriske kulturlag.

Eit par meter nord for kistemuren og murrestenen i den søraustre delen av gardsrommet er eit område med mørtel i laget og konsentrasjon av interessante steinar (id. 5335) (figur 22). Lengst aust ved "inngangen" mellom den nord-sørgåande hekken og ein aust-vest gåande hekk; samling av tre steinar og ein stein i tillegg trekt litt attende mot sør (figur 23). Den største steinen er hogd kleberstein, 24 x 48 cm. Framgrave høgde på denne var 12 cm, og den fortsatte ned i grunnen. Fin og glatt overflate. I massane kring denne samlinga var ein god del grønstein, den eine med moglege hoggespor.

Det var ein større konsentrasjon av steinar også vest i dette området, der ein av steinane var 38 x 44 cm. I massane kring denne samlinga av steinar var det mørtel blanda med gråbrun, humushaldig sand (figur 22). Dette laget ligg under den moderne grusen, som dekkjer mykje av det framgravde området på ca. 0,4 meter djupne i denne delen av gardsrommet. Det såg også ut til vere eldre enn det mørkebrune kulturlaget, truleg etterreformatorisk, som var grave fram i området lengre nord (figur 6).



Figur 22. Område med konsentrasjon av interessante, hogde steinar og kalkmørtel i laget nord for kistemuren og murresten sør aust i gardsrommet i Thomas Angells hus. Den vestre konsentrasjonen er i midten på biletet med kalkmørtelblanda massar til venstre, den austre lengre bort ved hekken. Sett mot aust. Foto: Da63992_42.




Figur 23. Område mellom hekkane i aust som er interessant å undersøke nærmere ved framtidige arkeologiske undersøkingar. Steinane er jordfaste, og kan representere spor eller restar etter steinkonstruksjonar. Øvst ein fint hogd kleberstein. Foto: Da63992_47.

I den sørvestre delen av gardsrommet, i det som er tolka som eit område med intakt etterreformatorisk avfallslag (basert på type funn: tegl, dyrebein og etterreformatorisk keramikk), var det også interessante steinar som bør vurderast nærmare i framtida. Der ligg ei steinhelle og andre bygningssteinar mellom anna av grønstein som kan vere interessante med tanke på steinkonstruksjonar eller restar etter slike lengre ned i grunnen. Steinane ligg fast i laget, og vart ikkje teke inn. Det vart teke eit punkt på steinhella, id. 5475. Avfallslaget har id. 5477, sjå nedanfor.

5.4 Disartikulerte skjelettdelar

På to stader i gardsrommet vart det funne disartikulerte skjelettdelar under den arkeologiske overvakinga. Dei stammar truleg frå forstyrra graver på området, kanskje gravleggingar tilhøyrande klosteranlegget. Gravleggingar i dette området har truleg ikkje skjedd sidan mellomalderen, og skjelettdelane tilhøyrer dermed individ frå perioden.

I søraust kom det fram, under oppreinsing av inngrepsområdet i kistemuren sin nordre kant, disartikulerte skjelettdelar i omrota kulturlag (figur 24). Skjelettdelane vart gjengravlagt i striesekk inntil muren på staden (figur 25).



Figur 24. Disartikulerte skjelettdelar i omrota kulturlag i inngrepsområde i nordre kant av kistemuren søraust i gardsrommet. Foto: Da63992_18.



Figur 25. Den totale mengda disartikulerte skelettdelar som vart reinsa fram frå det forstyrra området i nordre kant av kistemuren sør aust i gardsrommet. Delane vart gjengravlagt i striesekk inntil muren.

Foto: Da63992_19.

I den nordvestre delen av gardsrommet kom det opp eit kranium på 0,3 – 0,4 meter djupne. Det var truleg disartikulert og deponert i massane, men det vart berre delvis grave fram under overvakinga. Kraniet stakk opp i omrota massar av sand og kulturlag av humushaldig, mørkbrun siltsand, og vart liggande på staden (figur 26).



Figur 26. Kranium i omrota massar nordvest i gardsrommet i Thomas Angells hus. Foto: Da63992_109.

5.5 Gjenstandsfunn

Fleire gjenstandsfunn dukka opp i dei oppgravde massane, eller kring dei framgravde strukturane og laga i gardsrommet. Mykje av desse gjenstandane kan knyttast til 16- 1800-tals hushaldningsaktivitet, til dømes forskjellig keramikk. Dei kan til dømes stamme frå hushaldninga i Thomas Angells hus frå 1770, eller eventuelle tidlegare bygningar på staden.

Nokre gjenstandar kan peike mot den mellomalderiske og seinmellomalderiske perioden og aktiviteten i eller kring klosteret, utan at ein kan seie noko sikkert om dette. Det gjeld to keramikkskår med dateringa attende til 1500-talet. Det eine er eit botnskår av ei kanne av typen RAER (1500-talet), og det andre eit bukskår av fat av typen WESE (1520-1620). Det er også eit produksjonsavfall av bein/gevir, som kan stamme frå kamproduksjon. Dette handverket er kjend frå mellomalderbyane. Sjå liste over gjenstandsfunn for nærmere detaljar i vedleggsdelen.

På området var det ein del kleberstein og grønstein i jordmassane, mykje utan spor etter bearbeiding. Det vart teke inn kleberstein og grønstein med hoggespor frå områda med id. 5335 og 5310 (figur 6, 28). Nokre har også mørtelrestar. Som tidlegare nemnt vart det funne eit spesielt fint steinfragment laust på muren id. 5301, eit platefragment i kalkstein med fossil (figur 27). Dette kan stamme frå ei gravhelle, kanskje frå klosteret.



Figur 27. Platefragment av kalkstein med fossil, mogleg gravhelle. Foto: Da63992_119.



Figur 28. Hogd kleberstein og grønstein. Foto: Da63992_120.

5.6 Etterreformatoriske kulturlag og strukturar

Det var ein del spor etter yngre aktivitet i gardsrommet til Thomas Angells hus, spesielt i den austre delen av gardsrommet. Dette viser kanskje at denne delen er mindre forstyrra i seinare tid enn den vestre delen. Det er veldig interessant med tanke på at eldre kulturlag og strukturar kan vere bevart under og lengre ned i grunnen.

Det meste av det etterreformatoriske er enkelt dokumentert med foto og skildringar, og det er gjort innmålingar.

5.6.1 Vestre del av tiltaksområdet (id. 5488)

Id. 5447 Samling av stein, mogleg noko konstruert med fire steinar som dannar ein kant. Samlinga ligg i forlenginga av den mellomalderiske muren 5417, men har annan type stein (rundaktige, uregelmessige, tjukkare). Mogleg moderne inngrep rett sør for steinane med mykje raudtegl - kabel? Massane rundt steinsamlinga er mørkbrun, humushaldig siltsand. Mogleg omrota. Inneheld dyrebein, porselen og etterreformatorisk keramikk. Id. 5477 Tolka som etterreformatorisk avfallsdag basert på type funn: Tegl, dyrebein og etterreformatorisk keramikk. Mørk gråbrun siltsand. Tilsynelatande intakt. I laget ligg også steinhelle 5475, og andre bygningssteinar mellom anna av grønstein som kan vere interessante med tanke på dominikanarklosteret. Steinane ligg fast i laget (sjå også ovanfor under kapittel om bygningssteinar).

5.6.2 Austre del av tiltaksområdet (id. 5359)

Id. 5176 Mørkbrun-svart, grusblanda siltsand med sot, mykje dyrebein og raud tegl, fajanse. Tolka som etterreformatorisk avfallslag. Eldre lag kan vere bevart under.

Id. 5181 Truleg etterreformatorisk kulturlag bevart i eit område utanfor inngangsdøra til kapellet. Låg på 0,3 - 0,4 meter under overflata. Såg ut til å gå inn under golv/dekke 5242. Brun siltsand.

Id. 5242 Rest av golv/dekke, frå bygning eller gardsplass. Består av mørtel, stein og grus. Ca. 2 cm tjukt. Ca. 0,3 m under overflata. Målte 0,9 meter aust-vest på det lengste, og 2,5 meter nord-sør på det breiaste. Låg inntil profilen av det undersøkte området, og såg ut til å fortsette vestover. Sør for dekket og rett i nærleiken var det omrota og moderne massar. Mot nord meir intakte, etterreformatoriske kulturlag.

